



Kommunane

## Rundskriv 2018-2 RMP - Kommentar til forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket, Møre og Romsdal

Dette rundskrivet erstatter Rundskriv 2017-2 – RMP.

### Innhald

<a href="#">Innleiing</a> .....	3
<a href="#">Kapittel I. Generelle føresegner</a> .....	3
<b><a href="#">§ 1. Føremål</a></b> .....	<b>3</b>
<b><a href="#">§ 2. Verkeområde</a></b> .....	<b>3</b>
<b><a href="#">§ 3. Grunnvilkår</a></b> .....	<b>3</b>
<a href="#">Kapittel II. Tilskotsordningane</a> .....	4
<b><a href="#">§ 4. Tilskot til slått og beiting av lokalt viktige jordbrukslandskap</a></b> .....	<b>4</b>
Områda er avgrensa slik:.....	4
<b><a href="#">§ 5. Tilskot til skjøtsel av bratt areal</a></b> .....	<b>5</b>
<b><a href="#">§ 6. Tilskot til drift av beitelag</a></b> .....	<b>5</b>
Godkjenning og krav til beitelag.....	5
<b><a href="#">§ 7. Tilskot til skjøtsel av slåttemarkar</a></b> .....	<b>6</b>
<b><a href="#">§ 8. Tilskot til skjøtsel av kystlynghei</a></b> .....	<b>6</b>
<b><a href="#">§ 10. Tilskot til seterdrift med mjølkeproduksjon</a></b> .....	<b>7</b>
Vilkår for ekstra tilskot for foredling av råvarene på setra:.....	8
<b><a href="#">§ 11. Tilskot til skjøtsel av gravminne</a></b> .....	<b>8</b>
<b><a href="#">§ 12. Tilskot til ingen/utsett jordarbeiding</a></b> .....	<b>9</b>
<b><a href="#">§ 13. Spreiing i vår-/vekstsesongen</a></b> .....	<b>9</b>
<b><a href="#">§ 14. Tilskot til bruk av tilførselsslantar</a></b> .....	<b>10</b>
<a href="#">Kapittel III. Rettar, plikter, sanksjonar m.m.</a> .....	10
<b><a href="#">§ 15. Retningslinjer og satsar</a></b> .....	<b>10</b>

<a href="#">§ 16. Søknad og utbetaling</a> .....	10
<a href="#">§ 17. Administrasjon, dispensasjon og klage</a> .....	11
<a href="#">§ 18. Opplysningsplikt og kontroll</a> .....	11
<a href="#">§ 19. Avkorting ved regelverksbrot</a> .....	11
<a href="#">§ 20. Avkorting ved feilopplysningar</a> .....	12
<a href="#">§ 22. Utrekning og innkrevjing av avkortingsbeløp m.v.</a> .....	12

## Innleiing

Forskrift om tilskot til regionale miljøtiltak i jordbruket, Møre og Romsdal vart i 2015 harmonisert med ny forskrift om produksjonstilskot, og fekk nytt namn, bygd over same mønster i alle fylka. Forskrifta har felles reglar i kapittel I og III. Kapittel I inneheld innleiande føresegner om føremål, verkeområde, grunnvilkår. Kapittel III inneheld generelle føresegner om retningslinjer, satsar, søknad, rettar, plikter, kontroll og sanksjonar. Kapittel II handlar om tiltaka i fylket.

I 2018 er § 16 første ledd om søknadsfrist blitt endra. Ny søknadsfrist er 15. oktober.

## Kapittel I. Generelle føresegner

### § 1. Føremål

Formålet med denne forskrifta er å bidra til at jordbruket i Møre og Romsdal blir drive miljøforsvarleg og tek vare på kulturlandskapet.

*Kommentar:* Granskingar har vist at folk som vel å busetje seg på landsbygda, legg vekt på bumiljø, gode oppvekstvilkår for born, frisk luft og tilgang til friluftsliv, jakt og fiske viktige faktorar. Dei fleste finn det mest attraktivt å bu i varierte kulturlandskap med landbruk. For å oppretthalde kulturlandskapet, må det eit aktivt landbruk, men også tilgang på anna arbeid i nærleiken. Velstelt kulturlandskap er eit viktig salsargument for reiselivet.

Det langsiktige målet for RMP for Møre og Romsdal er å utarbeide tiltak som medverkar til eit miljøvennleg landbruk, som også har økonomisk berekraft. Samstundes skal landbruket ivareta verdiar som samfunnet ønskjer å prioritere, som det opne, velstelte landskapet med kulturminne og biologisk mangfald.

### § 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld for tilskot til miljøtiltak i Møre og Romsdal fylke.

*Kommentar:* Føretak med driftssenter i eit anna fylke, som også utfører miljøtiltak i vårt fylke, kan få tilskot til desse tiltaka etter våre reglar. Sjå om saksbehandlingsrutinar i rundskriv 2018-3.

### § 3. Grunnvilkår

Tilskot til miljøtiltak etter denne forskrifta kan berre gjevast

- til føretak som har rett til produksjonstilskot, jf. forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot mv. i jordbruket, og/eller,
- etter § 6, til beitelag, som er godkjent av kommunen og som er registrert i Einingsregisteret, jf. enhetsregisterloven av 13.06.1994, nr. 15.

For alle føretak som har jordbruksareal med planteproduksjon og som har rett til produksjonstilskot, er det eit vilkår at føretaket oppfyller krava til gjødslingsplan i forskrift 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging § 3. Gjødselbruken må kunne dokumenterast med notat om skifte gjødsla er spreidd på, spreidd mengde per dekar og spreietidspunkt.

Ved bruk av plantevernmidler er det et vilkår at føretaket oppfyller krava til føring og oppbevaring av journal i forskrift 06. mai 2015, nr. 455 om plantevernmidler, § 20 og § 26, og føring og oppbevaring av register over plantevernmidler i samme forskrift, artikkel 67.

*Kommentar:* Grunnvilkåra svarar til vilkåra for å motta produksjonstilskot. I tillegg kan beitelag godkjende av kommunen søkje om tilskot til drift av beitelag, jf § 6.

Kravet om omsetning er teke ut av forskrift om produksjonstilskot. I staden har botnfrådraget blitt heva. Forskrift om miljøplan er oppheva, men kravet til gjødslingsplan er vidareført som eit grunnvilkår. Kravet om sprøytejournal er også teke inn i grunnvilkåra. Eigenfråsegnene i søknaden er tilpassa desse endringane.

## Kapittel II. Tilskotsordningane

### § 4. Tilskot til slått og beiting av lokalt viktige jordbrukslandskap

Tilskot kan gjevast til føretak som driv jordbruksareal innanfor nærare avgrensa soner med særleg verdifullt kulturlandskap.

*Kommentar:* Det er prioriteringane i dei nasjonale registreringane av verdifulle kulturlandskap og registreringane i Storfjordprosjektet som ligg til grunn for dette tiltaket. Det er ikkje rom for nye område under dette tiltaket.

#### Områda er avgrensa slik<sup>1</sup>:

1. Sunndal kommune: Grøvuvasdraget; alt areal som har avløp til elva Grøvu frå og med Børstølen og oppover.
2. Nettet kommune:
  - a. Eikesdalen; alt areal frå og med gardane Vike og Hoem og oppover
  - b. Areala på Bugge; frå og med Breivika til og med Bleineset
3. Rauma kommune: Romsdalen; alt areal frå Trollveggen til Oppland grense
4. Storfjordområdet:
  - a. Stordal kommune: Dyrkornvassdraget og Stordalsvassdraget ovanfor Vad bru (Nøredalen)
  - b. Stranda kommune: Heile Geirangerbygda og alle fjordvende gardar på begge sider av fjorden med Ljøen til og med Liene, vidare på austsida av fjorden frå og med Ansok til grensa mot Stordal
  - c. Norddal kommune: Alle bygdene på sørsida av fjorden frå og med Tafjorden til og med Indreeide
5. Ørsta kommune: Norangsfjorden og Norangsdalen
6. Herøy kommune: Runde, Nerlandsøya og Skorpa
7. Giske kommune: Området ved Alnes fyr
8. Midsund kommune: Tautra
9. Hustadvika i kommunane Fræna, Eide og Averøy
  - a. Fræna kommune: Buaværet og alt areal vest for Nasjonal Turistveg frå Bergset til grensa mot Eide kommune
  - b. Eide kommune: Vevangbygda og Årsbogen
  - c. Averøy kommune: Sona omfattar øyane langs Atlanterhavsvegen. Vidare vert sona avgrensa slik at den omfattar eksisterande jordbruksareal i områda nordaust for Atlanterhavsvegen, til og med Storesandøy, Hasseløyseter og området rundt Vågvatnet. Deretter går avgrensinga sørover til fylkesveg 250 (Staurnesvegen) og følgjer denne til krysset med riksveg 64. Mot sør vert området avgrensa av riksveg 64 mellom krysset med Staurnesvegen og krysset med Atlanterhavsvegen, vidare av fylkesveg 247 så langt sør som til og med Grovaneset.

<sup>1</sup> Det er gjort ei redaksjonell endring i oppstillinga, for å betre oversikta

10. Smøla kommune: Sørsmøla; alle gardane frå og med gnr. 14 Kuløy, til og med gnr. 42 Skarpnes. Tiltaket omfattar ikkje dei nydyrka myrane på Holmsvassmyra, Røkmyra og Jøstølmyra
11. Haram kommune: Heile Ulla, unnateke fjellet. Frå «bruvegen» på Flem og heile nordsida av Flemsøy/ Skuløy til og med nordlegaste garden på Nogva

Det kan gjevast tilskot til areal som ligg innanfor desse sonene, når dei er godkjende for areal- og kulturlandskapstilskot i produksjonstilskot. Arealet skal haustast ved slått (punkt 3.1 i miljøprogrammet) eller beiting (punkt 3.1 i miljøprogrammet). Fulldyrka og overflatedyrka areal som berre vert beita, skal om nødvendig pussast, slik at det ikkje blir oppslag av tuegras, høge urter eller kratt.

Dyreslag skal reknast om etter desse forholdstala.

1 voksen sau/geit = 1 dyreeining, 1 mjølkeku = 5 dyreeiningar, 1 ungdyr/hest = 3 dyreeiningar

Føretak kan få berekna tilskot for arealet som ligg innanfor sonene, uavhengig av kvar driftssenteret er plassert.

## § 5. Tilskot til skjøtsel av bratt areal

Tilskot kan gjevast til føretak som driv minimum 10 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord med ei helling på 1:5 eller brattare. Arealet må haustast ved slått til fôr.

*Kommentar:* Føretaket må drive minimum 10 daa bratt areal for å kunne søkje om tilskot til skjøtsel av bratt areal. Arealet skal ha ei gjennomsnittleg helling på 1:5 eller brattare. Areal som ligg for seg sjølv, omkransa av areal med andre arealtilstandar enn fulldyrka/overflatedyrka jord, kan takast med i søknaden, dersom det er minst 1 daa. Arealet må haustast ved slått til fôr. Areal som vert skjøtta ved beiting, gir ikkje rett til tilskot i dette tiltaket. Kommunen bør bruke arealtala som kjem fram etter teikning i kartet i eStil.

## § 6. Tilskot til drift av beitelag

Tilskot kan gjevast til drift av godkjende beitelag som organiserer felles beitebruk i utmark i minimum 5 veker i sommarhalvåret.

*Kommentar:* Føremålet med tiltaket er å legge tilhøva til rette for best mogeleg utnytting av beite i utmark, og å redusere tap av dyr på utmarksbeite gjennom organisert tilsyn, organisert sanking og andre målretta fellestiltak i beiteområde.

Tilskot kan gjevast til beitelag som er godkjende av kommunen, og som organiserer felles beitebruk for sau, geit, storfe og hest i utmark i minimum 5 veker i sommarhalvåret. Mjølkeande kyr og geit, og dyr som heile beitesesongen beitar på innmark, er ikkje omfatta.

Det kan søkjast om tilskot til drift av beitelaga gjennom Regionalt miljøprogram, og søknadsfristen er **1. november**. Det kan også søkjast om tilskot til investeringar gjennom *Organisert beitebruk* (tidlegare SMIL).

Tilskot kan gjevast med eit fast beløp per storfe og per småfe som kjem att frå beite om hausten. Endelege satsar går fram av eStil etter at satsane er låst, seinast 25. januar 2019.

### Godkjenning og krav til beitelag

Beitelag skal godkjennast i det fylket der beitinga skjer. Det er kommunen som godkjenner beitelag. Eit beitelag må ha minst 3 medlemmar og 150 småfeeiningar. 1 småfeeining = 0,1 storfe = 0,1 hest = 1 sau = 1 lam = 1 geit = 1 kje.

1. Husdyrhaldet som er omfatta av beitelaget si verksemd, må drivast i samsvar med lover og forskrifter som gjeld for husdyrhald

2. Beitelaget må vere registrert i Einingsregisteret etter retningslinjer frå Einingsregisteret.
3. Laget skal vera ope for alle brukarar som har tilgang til utmarksbeite i eit område der samarbeid kan fremje bruken av beiteområda
4. Laget skal bruke alle tilskot til å fremje den organiserte beitebruken i området gjennom felles tiltak. Tilskotet kan ikkje betalast direkte ut til medlemmane i beitelaget
5. Laget skal organisere effektivt og forsvarleg tilsyn og sanking av eigne og andre sine dyr i laget sitt område. Det skal gjennomførast tilsyn i beiteområdet minst ein gong per veke, i samsvar med «Forskrift om velferd for småfe»
6. Laget skal samarbeide med tilgrensande lag når det kan effektivisere ressursbruk og utnytting av beita. Dette gjeld særleg sanking og ettersanking
7. Laget skal notere på fastsett skjema opplysningar om gjennomført tilsyn (dato, tilsynsrunde, unormale tilhøve i beiteområdet og tiltak som er sett i verk). Norsk Sau og Geit har utarbeidd skjema og notisbøker for føremålet. Fylkesmannen i Møre og Romsdal og kommunen kan be om å få lagt fram denne dokumentasjonen.
8. Laget skal sende årsrapport på fastsett skjema til kommunen

## § 7. Tilskot til skjøtsel av slåttemarker

Tilskot kan gjevast til føretak som skjøttar artsrike slåttemarker som er spesielt verdfulle for biologisk mangfald i kulturlandskapet. Det er ein føresetnad at føretaket har inngått og følgjer skjøtelsavtale utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

*Kommentar:* Føremålet er å stimulere til skjøtsel av artsrike slåttemarker, slik at ikkje det biologiske mangfaldet eller andre kvalitetar vert forringa. Det er miljøvernavdelinga som er kontaktpunkt hos fylkesmannen for desse spørsmåla.

### Vilkår:

1. Areal som skal ha tilskot må ligge i Naturbase med verdi A eller B, eller vere registrert og planlagt innlagt i Naturbase som slåttemark på innmark med verdi A eller B.
2. Areal som ikkje eller i liten grad har vore gjødsla, skal prioriterast.
3. Arealet må vere i slik hevd, at dei verdiane som ligg til grunn for utveljinga framleis er til stades, eller vil komme attende ved planlagt restaurering.
4. Miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen utarbeider skjøtelsplan for tiltaket, og inngår ein skjøtelsavtale med søkjaren. Avtalen må vere på plass før registreringsdatoen den 1. oktober.

## § 8. Tilskot til skjøtsel av kystlynghei

Tilskotet kan gjevast til føretak som held ved like område med kystlynghei. Område det blir gitt tilskot til må vere registrert som kystlynghei med verdi A eller B i Miljødirektoratet sin Naturbase. Søkjaren må inngå skjøtelsavtale med Fylkesmannen i Møre og Romsdal, for å sikre at tilstanden på kystlyngheia blir halden ved like. Dyrehald skal vere i tråd med krava i Lov om dyrevelferd av 19. juni 2009 nr 97.

*Kommentar:* Føremålet er å stimulere til tradisjonell skjøtsel av kystlynghei gjennom sauebeite. Tiltaket er frå 2015 gjort om til eit arealtilskot, og føreset at føretaket og fylkesmannen har inngått skjøtelsavtale om det arealet det vert søkt om tilskot til. Skjøtelsavtalen legg rammene for korleis skjøtelsen skal skje.

Det skal leggst vekt på dyrevelferd. I tiltaket er det eit krav på minst 10 daa beiteareal per vaksen sau. Det skal førast tilsyn med dyra minst ein gong i veka, i samsvar med «Forskrift om velferd for småfe». Dersom kvaliteten på beitet er slik at 10 daa beiteareal per vaksen sau ikkje er nok til at dyra har tilfredsstillande førtilgang, må dyretalet reduserast. Beitetrykket bør vere stort nok til å

oppretthalde kvaliteten på kystlyngheia. Tilskotet vert automatisk avgrensa til maksimalt 50.000 kroner per føretak.

## § 9. Tilskot til tilrettelegging av fuglebiotopar

Det kan gjevast tilskot til tilrettelegging av hekkeplassar for utryddingstruga fugleartar, dersom det er inngått avtale med Fylkesmannen i Møre og Romsdal for vedkommande sesong.

*Kommentar:* Føremålet er å verne dei fugleartane som over lang tid har tilpassa seg hekking på kulturmark. Effektivt jordbruk, særleg tidlegare hausting, kan slå ut heile bestandar av fugleartar som tradisjonelt hekkar i slåttemark. Både egg, ungar og vaksne fuglar blir øydelagde i grashaus-tinga, fordi haustinga no skjer før egga er klekte eller ungane har forlate reirområdet. I tillegg vert areal ofte hausta frå kanten og inn mot midten, noko som avskjer røymingsvegane for fuglane. Dersom arealet vert hausta, bør det skje slik at fuglane kan kome unna.

Føretak kan få tilskot til å setje av areal, der det er registrert at utryddingstruga fugleartar hekkar, slik at dette arealet ikkje blir slått før ungane har forlate området. Tidlegaste slåttedato for slikt areal er sett til 1. august.

Åkerriksa er den mest kjende utryddingstrua fuglearten som hekkar på innmark i vårt område, men storspove, vipe og grashoppesongar er også trua, og kan kvalifisere for tilskot. Det er Miljøvern-avdelinga hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal som inngår avtale, avgjer kva fugleartar som kvalifiserer for vern, og kor mykje areal som må setjast av for at hekkeplassen skal ha tilstrekkeleg vern. Arealet må kartfestast i avtale mellom bonden og Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

## § 10. Tilskot til seterdrift med mjølkeproduksjon

Tilskot kan gjevast til føretak som har heile eller deler av mjølkeproduksjonen på seter i minst 5 veker i sommarhalvåret. Produksjonen må skje innanfor kvote, eller i samsvar med forskrift om fritak frå overproduksjonsavgift ved lokal foredling av mjølk. Det kan gjevast ekstra tilskot til føretak med seter, der råvarene frå setra blir foredla på setra.

*Kommentar:* Føremålet er å bidra til å oppretthalde og stimulere til auka bruk av setrane i fylket. Dette for å ta vare på, vidareføre og vise fram setermiljøet og halde ved like det biologiske mangfaldet, som er knytt til denne driftsforma. Føremålet vil gjelde både dei sidene av seterkulturen som er knytt til bygningar, foredling av mjølka og til stell av landskapet ved beiting og slått.

Dyra skal mjølkast på setra.

Godkjenning av nye setrar må sjåast i samanheng med det som finst av tradisjonell seterkultur på staden. Jord som tidlegare har vore brukt til vanleg jordbruksdrift med busetnad heile året, skal i regelen ikkje godkjennast. Det er med andre ord ein føresetnad at seterområdet er eit tillegg til den daglege gardsdrifta, i eit område der det ikkje er naturleg å bu heile året.

### Drift av enkeltseter med mjølkeproduksjon

Føretak som har kyr eller geiter fordelt på to eller fleire setrar, kan berre få eitt setertilskot. Derimot kan føretak som har kyr på ei seter og geit på ei anna, få tilskot for to setrar.

### Drift av felleseter med mjølkeproduksjon

Der fleire samarbeider om setringa, skal tilskotet fordelast på tal deltakarar i fellesetra. Deltaking er uavhengig av om føretaket har skote inn eigarkapital i setra eller ei. Det avgjerande spørsmålet er kor mange som har hatt mjølkeproduksjon på setra i minst 5 veker.

På ei seter kan det vere fleire seterhus, der ulike føretak driv seter. For at seterdrifta til eit føretak skal definerast som eiga seter og ikkje felleseter, skal det ikkje vere nemnande samarbeid med andre føretak om drifta. Kwart føretak skal til dømes ha kvart sitt husdyrrom til mjølking, med eige mjølkeanlegg og tank.

Alle deltakarane i fellesetra fyller ut sitt eige søknadsskjema, og fører opp tal deltakarar på kvart sitt skjema. Ved søknad om tilskot til felleseter, skriv alle søkjarane inn same tal deltakarar på setra. Kommunen må sjå til at alle på den same fellesetra fører opp/får godkjent like mange deltakarar, elles vert tilskotet feil utmålt, og det kan bli betalt ut både for lite og for mykje tilskot.

#### **Vilkår for ekstra tilskot for foredling av råvarene på setra:**

1. Det skal bu folk på setra i minst 5 veker om sommaren.
2. Minst 3 kyr eller 12 geiter skal mjølkast på setra kvar dag i minst 5 veker.
3. Mjølka skal vidareforedlast på setra.
4. På setra skal det vere hus for opphald og overnatting, fjøs og rom for handtering av mjølka.
5. Setra skal vere tilgjengeleg for besøk. Dette skal gjerast kjent ved skilting, annonsering, eller på annan måte.
6. Drifta skal ha godkjenning av Mattilsynet.

#### **Drift av enkeltseter med foredling**

Føretak som driv seter, kan også få tilskot til foredling av mjølk. På seter der føretaket får tilskot til foredling, bør det vere mogeleg å få kjøpe lokalt foredla mjølkeprodukt. Å vise fram seterkulturen ved demonstrasjon av tradisjonelle driftsformer som kinning, separering, ysting, ljåslått, hesjing osv. vil vere svært positivt. På denne måten kan besøkande få oppleve seterkulturen både ved smak og ved å delta aktivitetar.

#### **Drift av felleseter med foredling**

Alle deltakarane i fellesetra fyller ut sitt eige søknadsskjema, og fører opp tal deltakarar på kvart sitt skjema. Det er berre dei som deltek i foredlinga som skal føre opp dette tiltaket. Det kan vere eit mindre tal enn tal deltakarar i felleseter.

## **§ 11. Tilskot til skjøtsel av gravminne**

Tilskot kan gjevast til føretak som skjøttar automatisk freda gravminne på innmark. Gravminnet skal vere lagt inn i register godkjent av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Gravminnet skal ikkje vere sterkt skada eller øydelagt.

*Kommentar:* Aktuelle register for kulturminne:

- Riksantikvaren sin database «Askeladden»
- Økonomisk kartverk
- Møre og Romsdal fylkeskommune sitt arkeologiske arkiv

Gravminnet skal skjøttast på ein måte som gjer det synleg og tilgjengeleg. Dersom gravminnet er forringa på grunn av attgroing, skal det ikkje godkjennast for tilskot. Føretaket må ha miljøplan trinn 2 med godkjent skjøtelsesplan, der det går fram korleis gravminnet skal skjøttast. Plana skal godkjennast av kommunen. Det kan gjevast tilskot til inntil 20 gravminne per føretak.



## § 12. Tilskot til ingen/utsett jordarbeiding

Tilskot kan gjevast til føretak som utset jordarbeiding av kornareal eller eittårig raigras til våren. Tilskot kan gjevast til område ved særleg utsette vassdrag, når dette er fastsett i tråd med vassforskrifta<sup>2</sup>.

*Kommentar:* Føremålet er å unngå jordarbeiding om hausten, for å redusere erosjon og avrenning av næringsstoff frå kornareal og areal med eittårig raigras. Tiltaket skal også støtte opp under arbeidet med vassforskrifta.

I 2014 kunne alle som oppfylte krava søkje om tilskot til dette tiltaket. Det var varsla i miljøprogrammet at det seinare i planperioden kunne bli aktuelt å knytte dette til område der det er særleg viktig å unngå erosjon og avrenning.

Frå 2015 vart det bestemt at tiltaket skal knytast til arbeidet med vassforskrifta og den kommande forvaltningsplanen for vassdrag. Det blir derfor ikkje gitt tilskot til tiltaket, før det ligg føre risikovurdering av kva vassdrag/område langs vassdrag som er særleg utsette for erosjon.

## § 13. Spreiing i vår-/vekstsesongen

Det kan gjevast tilskot til føretak som produserer husdyrgjødsel. Tilskotet kan gjevast til areal der føretaket spreier husdyrgjødsel tilsvarande minst 5 kg totalnitrogen per daa. Siste frist for all spreieing av husdyrgjødsel på føretaket er 10. august, og avlinga må haustast etterpå.

*Kommentar:* Husdyrgjødsel er ei av dei viktigaste kjeldene til forureining frå landbruket. Føremålet er å få ei best mogeleg utnytting av næringsstoffa i den husdyrgjødsla som er tilgjengeleg på kvart enkelt føretak, samstundes som avrenning av næringsstoff og utslepp av klimagassar frå husdyrgjødsla blir redusert. Tiltaket skal stimulere til at mest mogeleg av husdyrgjødsla blir spreidd om våren og etter 1. slått med etterfølgjande hausting. Dei som haustar 3 gonger, kan også spreie etter den 2. slått, men ingen kan spreie seinare enn 10. august. Avlinga må haustast.

Større einingar, større produksjon per dyr og dermed større mengder husdyrgjødsel enn tidlegare har ført til at lagringskapasiteten for husdyrgjødsel på mange bruk er for liten. Hos enkelte kan ein stor del av husdyrgjødsla difor bli spreidd om hausten, og avlinga etter denne spreieinga blir ikkje hausta. Dette kan føre til uønska tap av næringsstoff til vassdrag, og utslepp av klimagassar til luft.

Føretak med husdyr, som spreier husdyrgjødsla seinast 10. august, kan søkje om tilskot til alt arealet det er spreidd husdyrgjødsel tilsvarande minst 5 kg totalnitrogen per daa, i tråd med gjødslingsplan. Dette svarar til ca 1,5 tonn storfe-/grisegjødsel eller omlag 0,7 tonn sau-/geitegjødsel. Arealet skal haustast eller beitast etter siste spreieing, for å vere tilskotsberettiga.

Merk at det er det føretaket som produserer gjødsla, dvs. husdyrføretaket, som kan søkje om tilskot, som også er ansvarleg for at avlinga vert hausta ved slått eller beiting i etterkant av spreieinga, og at vilkåra elles er oppfylte. Regelen i forskrifta krev at all spreieing av gjødsel frå føretaket må vere avslutta seinast 10. august, og at avlinga skal haustast etterpå. Det inneber m.a. at gjødsel heller ikkje kan seljast, pløyast ned eller spreieast på «andre» areal eller areal som det ikkje blir gitt noko tilskot til.

<sup>2</sup> Forskrift 15. 12.2006 nr 1446 Forskrift om rammer for vannforvaltningen

## § 14. Tilskot til bruk av tilførselsslantar

Dersom vilkåra i § 13 er oppfylt, kan det gjevast tilskot til føretak som produserer husdyrgjødsel og spreier husdyrgjødsel ved hjelp av tilførselsslantar. Tilskotet kan gjevast til areal der det vert spreidd husdyrgjødsel ved hjelp av tilførselsslantar i staden for tankvogn, tilsvarende minst 5 kg totalnitrogen per daa. Avlinga må haustast etterpå.

*Kommentar:* Føremålet er å redusere utslepp til vassdrag og luft gjennom redusert jordpakking og agronomisk forsvarleg spreiring. Utslepp av lystgass, som er ein sterk klimagass, er størst i fuktig, tett jord med høgt innhald av nitrogen. Kombinasjonen av beresvak jord, bruk av tungt utstyr, fuktig klima og store mengder husdyrgjødsel gjer at potensialet for utslepp av lystgass er stort i mange område. Bruk av tilførselsslantar for å transportere husdyrgjødsel ut på marka bidreg til å redusere køyreskader og jordpakking, og vil såleis vere eit tiltak som kan bidra til å redusere utsleppa av lystgass frå landbruket.

Det kan gjevast tilskot til alt areal der det er brukt tilførselsslantar i staden for tankvogn for å transportere husdyrgjødsel ut på marka. Mengda må tilsvare minst 5 kg totalnitrogen per daa, dvs ca 1,5 tonn storfe-/grisegjødsel eller omlag 0,7 tonn sau-/geitegjødsel. Tiltaket føreset at vilkåra etter § 13 er oppfylte, dvs at all husdyrgjødsel frå føretaket vert spreidd tidleg i vekstsesongen, seinast 10. august, og at avlinga blir hausta ved slått eller beiting etter spreiring.

## Kapittel III. Rettar, plikter, sanksjonar m.m.

### § 15. Retningslinjer og satsar

Tilskot kan utbetalast etter utfyllande retningslinjer, satsar, definisjonar m.v. fastsett av Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Definisjonar:

Søknadsskjema: Elektronisk søknad via internett, eventuelt papirskjema generert frå det elektroniske saksbehandlingssystemet.

Virkedag: måndag – fredag.

*Kommentar:* Alle satsar i miljøprogrammet er førebelse. Endelege satsar vil bli fastsette innan fredag 25. januar 2019. Det skjer på grunnlag av den økonomiske ramma og søknadsomfanget. I tidsrommet måndag 28. januar til fredag 15. februar må kommunen sjekke at avkortingar er i tråd med endelege satsar, og attestere søknader som skal gå til utbetaling.

### § 16. Søknad og utbetaling

Søknad skal fremjast på søknadsskjema fastsett av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Søknadsfristen er 15. oktober. For tilskot til beitelag er søknadsfristen 1. november.

Dersom søknaden blir motteken etter fristen, vil det tildelte tilskotet bli redusert med 1 000 kroner per virkedag, rekna frå utgått frist og i inntil 20 virkedagar. Søknader som kjem inn seinare enn 20 virkedagar etter fristen, vil ikkje bli behandla. Innvilga tilskot blir utbetalt til det føretaket eller beitelaget som fremja søknaden. Tilskotet kan ikkje overdragast til eige eller pant.

*Kommentar:* Fylkesmannen utarbeider ikkje lenger eit papirskjema, men definerer tiltaka for fylket vårt i det elektroniske saksbehandlingssystemet. Frå dette systemet kan det skrivast ut papirskjema, dersom det er nødvendig. Søknad om tilskot til regionale miljøtiltak bør leverast elektronisk, men kan også skrivast på papirskjema skrive ut frå saksbehandlingssystemet. Formular for papirskjema kan lastast ned frå [www.fylkesmannen.no/mr/](http://www.fylkesmannen.no/mr/). Slike søknader må ha alle nødvendige vedlegg, m.a.

kart med innteikna tiltak. Søknad fremja på anna måte, skal avvisast. Søkjaren bør få rettleiing om korleis korrekt søknad kan fremjast. Søkjaren kan komme til det elektroniske skjemaet via [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no), men kan også finne det i skjemakatalogen på [www.altinn.no](http://www.altinn.no). Søkjaren kan logge seg inn ved hjelp av BankID, MiniID, BuyPass (t.d. tippekort og kortlesar) eller liknande. Nettsida til [Landbruksdirektoratet](http://Landbruksdirektoratet) er enklast å bruke, fordi søkjaren etter innlogginga blir styrt direkte til søknadsskjemaet. Når søkjaren startar med [www.altinn.no](http://www.altinn.no), må skjemaet leitast opp i skjemakatalogen på Altinn.

## § 17. Administrasjon, dispensasjon og klage

Vedtak om tilskot blir fatta av kommunen. Fylkesmannen kan etter søknad i særlege tilfelle gje dispensasjon frå føresegnene i denne forskrifta.

Vedtak fatta av kommunen kan klagast<sup>3</sup> til Fylkesmannen. Vedtak fatta av Fylkesmannen i første instans kan klagast til Landbruksdirektoratet.

*Kommentar:* Det kan berre gjevast dispensasjon frå krav i forskrifta. Det betyr at det ikkje kan gjevast dispensasjon frå tilskotssatsar, soner eller registreringsdato.

I kvart einskild tilfelle skal det gjerast ei konkret vurdering av om det ligg føre tilstrekkelege grunnar for å innvilge dispensasjon. Bakgrunnen for at dispensasjon kan innvilgast, er at det i enkelte tilfelle kan vere urimeleg at søkjaren ikkje får tilskot, til dømes i ein oppstartingsperiode. Det skal berre gjevast dispensasjon dersom det er ei særskilt forbigåande årsak til at krava i forskrifta ikkje er oppfylte. Dispensasjonar kan gjevast for ein søknadsomgang. Dersom det framleis er behov for dispensasjon ved neste søknadsomgang, må føretaket søkje på nytt.

Det vil ikkje bli gjeve dispensasjon fordi søkjar hevdar å ikkje kjenne til krav i forskrifta, eller fordi søkjaren ikkje har motteke søknadsmateriell. Det er søkjaren sitt eige ansvar å halde seg oppdatert om gjeldande reglar. Det offentlege må likevel oppfylle informasjonsplikta si etter forvaltningslova.

## § 18. Opplysningsplikt og kontroll

Føretak som søker tilskot, pliktar å gje alle opplysningar som kommunen, fylkesmannen og Landbruksdirektoratet finn nødvendig for å kunne forvalte ordninga.

Kommunen, fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kontrollerer at utbetaling av tilskot er riktig. Søkjaren pliktar å utlevere all bokføring, korrespondanse og noteringar som vedkjem tilskotet. Opplysningar gitt i samband med søknad om tilskot kan også kontrollerast ved teljing og måling på dei eigedomar som føretaket nyttar i drifta.

*Kommentar:* Rundskriv 2018-17 frå Landbruksdirektoratet inneheld grundig gjennomgang av dette temaet og konsekvensane ved å motsette seg kontroll.

## § 19. Avkorting ved regelverksbrot

Dersom føretaket aktaust eller forsettleg driv eller har drive verksemda si i strid med anna regelverk for jordbruksverksemd, kan heile eller deler av det samla tilskotet til føretaket bli avkorta.

Tilskotet kan avkortast delvis eller heilt, dersom føretaket ikkje oppfyller, eller berre delvis oppfyller krava stilt i RMP-forskrifta § 3, andre og tredje ledd. Av same grunnar kan utbetalt tilskot delvis eller heilt krevjast attende, jf. § 21.

<sup>3</sup> Jf. lov av 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) kap. VI.

*Kommentar:* Rundskriv 2018-17 frå Landbruksdirektoratet inneheld grundig gjennomgang av dette temaet.

## **§ 20. Avkorting ved feilopplysningar**

Dersom føretaket aktaust eller forsettleg har gitt feil opplysningar i søknaden, som har eller ville danna grunnlag for ei urettmessig utbetaling av tilskotet for seg sjølv eller andre, kan heile eller deler av det samla tilskotet til føretaket avkortast. Tilskotet kan også avkortast dersom føretaket ikkje held dei fristar som kommunen, fylkesmannen eller Landbruksdirektoratet har sett for å kunne utføre sine kontrolloppgåver etter § 18.

*Kommentar:* Rundskriv 2018-17 frå Landbruksdirektoratet inneheld grundig gjennomgang av dette temaet.

## **§ 22. Utrekning og innkrevjing av avkortingsbeløp m.v.**

Dersom føretaket som følgje av manglande oppfyljing av vilkår i denne forskrifta eller av andre grunner har motteke ei utbetaling som ikkje er berettiga, kan det feilaktig utbetalte beløpet krevjast attende frå mottakaren eller motreknast i seinare tilskotsutbetalingar. Tilsvarende gjeld differansen mellom utbetalt beløp og redusert tilskot som følgje av vedtak om avkorting etter § 19 og § 20.

Det kan krevjast renter for tilbakebetalingskrav, dersom kravet ikkje blir innfridd ved forfall. Ved grov aktløyse eller forsett kan renter krevjast frå tidspunktet for utbetalinga av det urettmessige tilskotet. Storleiken på renta følgjer rentesatsen fastsett med heimel i lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinka betaling m.m.

Krav frå offentleg myndigheit som har utgangspunkt i føretaket si jordbruksverksemd, kan motreknast i seinare tilskotsutbetalingar til føretaket.

*Kommentar:* Rundskriv 2018-17 frå Landbruksdirektoratet inneheld informasjon om dette.

## **§ 23. Iverksetjing**

Forskrifta vart sett i verk 1. juli 2015, og erstattar forskrift 12. juni 2014 nr 774, jf forskrift 29. juni 2010 nr. 1019 om tilskot gjennom Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal.

Spørsmål om Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal kan rettast til kommunen eller Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Med helsing

Marianne Aas Halse (e.f.)  
fagkoordinator

Per Eldar Nakken

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi:

Møre og Romsdal Bonde - og småbrukarlag	c/o Stein Brubæk, Brakstadsgranda 345	6636	ANGVIK
Møre og Romsdal Bondelag	Fannestrandsveien 63	6415	MOLDE
Landbruksdirektoratet	Postboks 8140 Dep	0033	OSLO